



Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje



Sørdorp kyrkje

# KYRKJEBLAD

for

## NORD-FRON

Nr. 4 • DESEMBER 2021 • Årgang 66

# God Jul

Bakkestugu - Foto: Bjørn K. Sletten.

*"Nå sett vi oss å kvile  
Og puste på ei stund."*

[www.nord-fron.kirken.no](http://www.nord-fron.kirken.no)

# TIL TENESTE

Nord-Fron kyrkjekontor  
Tlf 612 16 290  
Sekretær: Grete Bakken  
Tlf 612 16 290

**KONTORTIDER:**  
Kl 09.00-13.00  
og elles etter avtale

**SOKNEPREST:**  
Gunnbjörg Oladottir  
Tlf. kontor 612 16 293

**Vikarprest:**  
Terje Elvestad  
Tlf. kontor 612 16 272  
Mobil 45 61 17 72

**Vikarprest:**  
Duh Tong  
Tlf. kontor 612 16 294  
Mobil 98 45 14 00t

**DIAKON:**  
Per Øyvind Fredin  
Tlf. 95 78 78 24

**TRUSOPPLÆRAR:**  
Kathrine Ruset Sletten  
Tlf. 95 08 67 08

**KYRKJEMUSIKAR:**  
Iren Falkenhaus. Mobil 96 73 95 50

**ORGANIST:**  
Bernt Fauske. Tlf. 406 03 269

**SØDORP SOKN**  
Soknerådsleiar:  
Kirsten Dina Leine. Tlf. 901 01 690  
Kyrkjetenar:  
Anders Stø. Tlf 909 60 650  
Kyrkjetenar:  
Frank Varpestuen/graver. Tlf 456 06 026  
Kyrkjetenar Ivar Kvande  
Tlf. 951 58 927

**KVAM SOKN**  
Soknerådsleiar:  
Egil Myhre  
Tlf. 970 67 723  
Kyrkjetenar:  
Svein Fredrik Kjæstad  
Tlf 908 45 584

**KVIKNE SOKN**  
Soknerådsleiar:  
Kristian Ekre  
Tlf 612 95 832/911 31 563  
Kyrkjetenar:  
Jan Smikop  
Tlf 951 22 470

**SKÅBU SOKN**  
Soknerådsleiar:  
Unni Bøyum Kluge  
Tlf 932 92 209  
Kyrkjetenar:  
Jan Smikop  
Tlf 951 22 470

**FAMILIE-RÅDGJEVING**  
Familievernkontoret, Otta  
Storgt 21, 2670 Otta  
Tlf 612 30 536  
Kl 09.00 – 14.00

**Grafisk produksjon:**  
Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.  
[www.dg-trykk.no](http://www.dg-trykk.no)




# HEIM OG KYRKJE



## Døpte

**KVAM:**  
Eira Myrvold Nygård  
Sigurd Bjørdal Saglien  
Anna Lillesandbu  
Leah Tangen Morken  
Tord Stormorken

**SØDORP:**  
Patrick Nutpakintr Sletten  
Johan Severin Sletten  
Teodor Andersens Haug  
Mathias Solli  
Celine Amalie Rundtom



## Døde

**KVAM:**  
Bjørn William Opstadmo  
Oddvar Hjellemo  
Mari Helene Teige Killi  
Bjørn Torgeir Meldal  
Jørgen Reinholt Nilsen (bisettelse)  
Egil Teigen

**KVIKNE:**  
Gudbjørg Kvaalen  
Oddveig Myreng

**SKÅBU:**  
Andreas Kampesæter (bisettelse)

**SØDORP:**  
Ragnhild Bergset  
Per Gulbrandsen  
Kristian Wahlquist  
Nils Vegard Kleiven (bisettelse)  
Ragnhild Elisabeth Rønningen



**v:pps**

### VIPPS NUMMER TIL SOKNERÅDA

KVIKNE: 137266 SØDORP: 135692  
KVAM: 113553 SKÅBU: 115389

**Kyrkjekontorets e-post-adresse:** [grete.bakken@nord-fron.kommune.no](mailto:grete.bakken@nord-fron.kommune.no)

**Heimeside:** [www.kirken.no/nord-fron](http://www.kirken.no/nord-fron)

### NESTE NUMMER

av «Kyrkjebladet for Nord-Fron» kjem ut i mars 2022.  
Frist for stoff: 15. februar.

### KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON

Redaktør for kyrkjebladet er Bjørn Kjellsson Sletten.  
Redaksjonskomite: Unni Bøyum Kluge (Skåbu), Anders Hage (Kvikne),  
Morten Sylte (Kvam) og Aase Toxe Tveit (Sødorp).

Kyrkjeblad for Nord-Fron – Nedregate 50 – 2640 Vinstra  
Kontonummer: 2095.49.59768



# BISKOPENS JULEANDAKT



Foto: Halvard Bjørkås, Hamar bispedømme.

*Glade jul, hellige jul,  
engler daler ned i skjul.  
Hit de flyver med paradigrønt...*

Slik står det i julesangen «Glade jul, hellige jul» som er skrevet av den danske forfatteren og poeten Bernhard Severin Ingemann og tilrettelagt for norsk ved Bernt Støylen som var prest, biskop og lyriker.

*Glade jul, hellige jul,  
engler daler ned i skjul.*

Englene forteller om det paradigrønne.  
Noe som er fra begynnelsen, som er og som varer.  
Noe som har liv og håp i seg.

Julens Gud gir kraft og bærer, også når dagene er vonde.

Tonene fra Betlehemsmarken minner oss om hvor alene vi kan føle oss når livet rammer oss med all sin tyngde. Lindringen kommer som glimt av å høre til i noe som er stort, større enn oss sjøl.

Vi vet alle noe om at livet er sårbart og utsatt. Noe mer sårbart enn en liten baby finnes vel knapt. Avhengig av å bli tatt vare på og beskyttet, og som samtidig gir, bare ved å være til.

Det at Gud er kommet til verden gjør at vi kan lene oss til en Gud som kjenner menneskenes liv. Jesu fødsel setter i gang en bevegelse som aldri har opphørt.

Å følge fotsporene etter det lille barnet, er å våge å gå inn i nye ukjente landskap ut fra evangeliets grensesprengende kraft til å åpne livets kilder og framtidshåp for alle mennesker.

Paradigrønt. Englene bærer bud om et evigvarende håp.

Håp for i dag og for morgendagen. Paradigrønt. Barnet i Betlehem. Vi aner noe om dette barnet.

Ja, vi aner, gjenkjenner og tror på Jesusbarnets livgivende og trøstefulle nærvær midt iblant oss.




*Velsignet julehøytid ønskes dere alle.*

*Solveig Fiske  
Hamar biskop*



# LYS VAKEN



STØRST AV ALT

## På overnatting mellom kyrkjebenkane



*Natt til 1. søndag i advent var fjorten ivrige femteklassingar samla til Lys Vaken i Sødorp kyrkje.*

Natt til 1. søndag i advent var fjorten ivrige femteklassingar samla til Lys Vaken i Sødorp kyrkje.

Lys Vaken er ein del av trusopplæringa i Den norske kyrkja. Sume kan kanskje synest at å overnatte i kyrkja

kan verke litt skummelt, men i Nord-Fron troppa fjorten forventningsfulle tiåringar opp til overnatting og opplegg inn i natta.

Laurdagskvelden gjekk med til å bli litt kjent, leike, eta taco, sjå film og eta laurdagsgodteri.

- Vi øvde oss godt til søndagens Lys Vaken-messe, ved at vi gjekk gjennom programmet og øvde på alle salmane. Vi fordelte også nokre oppgåver som ungene skulle få bidra med i messa. Ungane lærte Lys Vaken-sangen, som er fengande og artig å syngje! Denne tok dei på strak arm, og framførte sangen på flott måte i gudstenesta på søndag, fortel trusopplærar Kathrine Ruset Sletten.

### Stemminga gjekk i taket

Da ungene satt benka for å kose seg med ein god film, banka det plutselig på glasa i kyrkjestugu. Mange skvatt nok ganske godt, kyrkjelydspedagogen inkludert! Der kom det jammen ei gamal dame, som var så kald og trengte ein stad å varme seg.

- Vi bad ho inn, og som takk for omsorgen ho vart vist, delte ho ut godteposer til alle ungene!, fortel Ruset Sletten.

Det var liksom noko kjent med dama, og etter ei stund begynte ungene å rope «Av med maska, av med



*Det er både spanande og svært spesielt å skulle sove inne i eit kyrkjejerom, så noko tid tok det før alle sov godt.*



maska!» Og jammen var det ikkje tidlegare kyrkjelydspedagog Hildegunn Maria Haanes Ruset som skjulte seg under skauter!

- Stemninga gjekk i taket, og ungene koste seg med godteri attåt filmen, seier trusopp-læraren.



### Stille natt

I følge Kathrine Ruset Sletten gjekk natta ganske roleg for seg.

- Det er jo spanande og svært spesielt å skulle sove inne i eit kyrkjerom, så noko tid tok det før alle sov godt. Til tross for litt lite søvn, spratt ungene opp på søndag og var klare for ny dag, seier ho.

Lys Vaken-messa vart veldig fin, med to dåp og flotte bidrag frå Lys Vaken-ungane.

- Før vi sang, las dei opp noko dei hadde førebudd i forkant. «Lys Vaken for meg er...» Mange nemnde å sjå alle rundt seg, passe på vennene sine, inkludere alle, og vere lys vaken for Gud. Mange gode tankar, som vi hadde brukt tid på å samtale om og reflektere rundt, seier Ruset Sletten, og legg til at dei gjennom helga hadde svært god hjelp av to ungdomsleiarar, Lise og Linnea. I tillegg hadde dei «hyra inn» Sødorp - konfirmantane til å hjelpe til nokre timar på laurdag og nokre timar på søndag.

- Det var fint at dei stilte opp!

*Ei "gamal dame" kom på besøk til kyrkjestugu og bad om busly. Som takk for at dei sleppte ho inn fekk all Lys vaken-ungane godtepose.*

### Lys levande sauar

Det var mange som tok turen til Sødorp kyrkje denne 1.søndag i advent.

- Da er det ekstra triveleg å feire gudsteneste! Etterpå tente vi julegrana, og Sødorp sokneråd ordna til servering av gløgg, pepperkaker og varm saft. Vi fekk til og med besøk av to av sauene til Borgny Sletten, som var på plass for å markere opninga av stallen vår! Ungane som hadde vore på Lys Vaken verka noko slitne, men svært fornøgde og glade etter ei fin oppleving saman. Vi kan trygt seie at adventstida 2021 fekk ein bra start i Nord-Fron, avsluttar Ruset Sletten.



*Ungane lærte Lys Vaken-sangen, som er fengande og artig å synge! Denne tok dei på strak arm, og framførte sangen på flott måte i gudstenesta på søndag.*

## **Korleis syns du det har vore å vera på Lys vaken?**

*Ellen:* "Det har vore gøy - fordi det er fint å vera saman med andre og saman med venner."

*Oline:* "Det er fint å vera saman mange".

*Nomi:* "Det har vore morosamt vera med dei andre frå klassa og vera vaken lenge."

*Lisa:* "Det var morosamt å ligge i kyrkja."

*Åsa:* "Det har vore koseleg og fint å vera saman med vener, sjå på film, legge seg seint ... og eta godteri!

*Oda:* "Det var bra å overnatte og sjå på film"

*Otilie:* "Det har vore veldig koseleg og fint. Eg likte å sjå film og at vi har gjort mange koselege ting".

*Gina:* "Vi har hatt det artig og vi har lært ting au. Eg har lært Lys vaken-sangen."

*Tord:* "Lys vaken er veldig bra fordi da kan ein vera der med venene sine og ha det gøy saman med dei"

*Nasir:* "Det har vore fint å vera her".

*Matteo:* "Det har vore kjempefint. Vi fekk lov til å velje kor vi skulle sove, vi fekk god taco og fekk vere her saman med vener."

*Magnus:* "Nå fekk vi vera saman med venene våre lenge, det får vi ikkje vera så ofte ellers."

# Mannen som forandra Noreg

Av Kjartan Ruset

## Kva hugsar du om Hans Nielsen Hauge?

Vi lærde om han i skulen. Han reiste land og strand rundt og samla folk til kristeleg møte, der han sjølv var talaren, noko som var ulovleg for vanlege folk den gongen. Berre presten hadde lov til å forkynne, det bestemte lova, gjennom den såkalla «Konventikkel-plakaten». Med heimel i denne lova vart H.N. Hauge sett i fengsel, og der sat han i 10 år, under dels strenge vilkår. Men det han hadde sett i gang let seg ikkje stoppe.

Mange andre både kvinner og menn, fylgde Huges eksempel, og samla folk til møte. Dei heldt saman i eit uformelt, men sterkt nettverk av «venesamfunn». «Haugianismen» vart ei folkerørsle med stor oppslutnad i heile Noregs land. Hauge vart ein folkehelt, og etter mange års fengsel vart han sett fri. Konventikkelplakaten vart oppheva i 1842. Dei haugianske venesamfunna utvikla seg etter kvart til foreningar og organisasjonar for ytre og indre misjon. Det vart bygd bedehus i nesten kvar ei bygd, som stod for ei omfattande kristeleg verksemd ved sidan av det som føregjekk i kyrkja.

Så langt det dei fleste av oss hugsar frå historie- og kristendoms-timane i skulen. I år feirar vi at det er 250 år sidan Hans Nielsen Hauge vart fødd. Skal vi tru det historikarane seier, var han ein viktig historisk person i åra omkring 1814, då det nye Noreg vart til. Ja, han beintfram forandra Noreg! Det er skriva mange bøker om Hauge, og overskrifta på denne artikkelen er lånt frå tittelen av ei av dei nyaste: «Hans Nielsen Hauge. Mannen som forandret Norge», frå 2020, skriva av Alv Magnus.

Alv Magnus er utdanna samfunnsvitar, og både sosiologar og historikarar vil langt på veg vere samd i hans påstand. Når samfunnsvitskapen tek føre seg Hauge, er «religion» stikkordet. Historikaren Sverre Steen skriv: «Hauge lærte sitt folk kristendom. Han løste religionen ut av tvangsforholdet til prestene og frigjorde derved det religiøse liv i brede lag av folket». Hauge var ein religiøs opprørar! Støvet frå revolusjonane i Amerika (1776) og Frankrike (1789) hadde knapt lagt seg, og den offisielle kyrkja og statsmakta (einevaldskongen i København) frykta oppvigleri og uro i folket, difor måtte Hauge og hans verksemd stoppast. Men før dei greidde å stoppe han, hadde han gjennom seks års omreisande forkynnarverksemd skapt den folkerørsla som no levde vidare uavhengig av han. Som historikaren treffande seier det: han frigjorde det religiøse liv i folket. Religiøs frigjering førte til sosial og politisk frigjering. Haugianarane var representerte i forsamlinga på Eidsvoll, og vart snart i stort tal innvalde i Stortinget. Stortinget som vart valt i 1833 vart kalla «bondestortinget», fordi det for fyrste gong var fleire bønder enn embetsmenn innvalt. Hans Nielsen Hauge var ein inspirator i bondereisinga mot embetsveldet. Professor Knut Dørum skriv: « - haugianerne ble kjernetropper i



bonde- opposisjonen på Stortinget i 1830 og -40-årene». Eit anna radikalt innslag i Hauge-rørsla var det løftet Hauge gav kvinnene. Allereide i 1799 byrja han å sende kvinnelege forkynnarar rundt om til veneflokkane. Han meinte at Paulus sitt forbod for kvinner å tale i forsamlinga var ei pragmatisk forordning for å hindre uro og uorden. Eit stort tal haugianske kvinnelege forkynnarar var i verksemd i mange år. Professor Berge Furre skriv: «Eg trur vi kan seia han føregreip den moderne kvinnekampen 70 år seinare». Men historikaren må konstatere: «Denne sida av Huges opprør vart fort gløymt».

Det heile bytja med den sterke åndelege opplevinga Hans Nielsen Hauge hadde som 25-åring i 1796. Frå barndomen av var han både ein grublar og ein kunnskaps-tørstande ungdom. Allereide før sitt åndelege gjennombrøt hadde han frimodig gått til soknepresten og teke han i skule for det han meinte var mangelfull forkynning. Som fariséaren Saulus (den seinare apostelen Paulus) og munken Martin (Luther) var Hauge nidkjær og streng i si tru. Den 5.april 1796 var han ute på åkeren og pløgde. Han song på salmen «Jesus, din søte forening å smake», og vart brått teken av eit sterkt Gudsnerver. I

hans egne ord, nedskrivne 18 år seinare, i 1817: «Nu blev mit Sind saa opløftet til Gud, at jeg ikke sandsede mig, eller kan udsige hvad som foregik i min Sjæl. - - - At min Sjæl følte noget Overnaturligt, Guddommeligt og Saligt; at det var en Herlighed, som ingen Tunge kan udsige, det mindes jeg til denne Dag saa klart, som det skulde skeet faa Dage siden, da det dog nu er 20 Aar forløben siden Guds Kjerlighed saa overvættes besøgte mig”.

Det var ikkje den strenge og nidkjære Hauge som forandra Noreg, men den tidlegare grublande og kjempande unge mannen som ved eit Guds-møte var overvelda av Guds kjærleik, og som etterpå brann for at andre skulle få del i den same nåde. Hauge kunne vere streng og alvorleg i si forkynning, men biografar og historikarar er samde om at det spesielle med Hauge var hans evne til å tale på tomannshand med folk. Utifrå sine egne røynsler som ein grublande og tvilande kristen kunne han tale med folk i eit språk dei forstod, i motsetnad til prestane som ofte tala over hovudet på folk. Den elden som vart kveikt i Hauge den vårdagen på åkeren, brann heftig i han i mange år, og vart ein brann som spreidde seg i heile folket.

Og så var det ei anna side ved Hauge, som vi og lærde om i skulen: han var ein veldig praktisk mann, som fekk i stand mange verksemdar. Ved sidan av det åndelege

alvoret frå barndomen av, var hans utrøyttelege energi og initiativrikdom eit sertrekk i hans personlegdom. Også på den måten forandra han samfunnet: han gav kvinner og menn frimod til å bruke sine evner i næringsverksemd, og var sjølv ein føregangs-mann og gründer på mange område. Møllebruk, prenteverk, fargeverk, spinneri, saltkokeri, gardsbruk, sagbruk kom i gang på Hauges initiativ. Fleire av dagens merkevarer har haugiansk opphav, som «Devold» og «Møllers tran».

I ein kyrkjeleg samanheng held vi fram Hans Nielsen Hauge som ein Guds reidskap for fornying og vekkjing i vår kyrkje og vårt folk. Ein manns truskap mot det gud-gjevne kallet var heilt avgjerande i dette historiske skiftet vårt land var vitne til desse åra. Ironisk nok var det einvaldskongen og embetsstanden sjølve som hadde iverksett dei grunnleggjande føresetnader for at vekkjinga ved Hauge skulle bryte ut og få slikt omfang, nemleg ved å innføre konfirmasjonen i 1737 og allmugeskulen i 1739. I skulen lærde folket å lese, og hovudfaget var bibelsoge og kristendom, og i konfirmasjons-undervisninga var det Luthers katekisme med Pontoppidans forklaring som folket fekk innføring i. 1700-talet var det hundradåret då folk fekk seg bøker, og det var mest berre religiøs litteratur som var tilgjengeleg. Då Hans Nielsen Hauge stod fram med si inderlege forkynning i folkeleg språk, med



bibelsk og kristeleg innhald, var folkesjela mogen og mot-takeleg for bodskapen, gjennom kunnskapen dei hadde tileigna seg i skulen og for presten og i gudstenesta sin salmesong. Haugerørsla var utenkeleg utan Pontoppidan, postillen og Kingo.

Men ein kan heller ikkje sjå bort i frå at Den franske revolusjonen inspirerte Hauge. Som nemnt var han ein tenkande og kunnskapssøkjande ung mann. Revolusjonen hadde vist folk at det gjekk an å kaste av seg åket av ei undertrykkande overklasse. Det var ingen adel i Noreg, men derimot ein embetsstand som heldt folket i fast grep. Og det var nettopp preste-embetsmennene og deira privilegier på det åndelege område Hauge gjorde opprør mot, i kraft av sitt gudjevne kall.

Hauge for og gjennom Gudbrandsdalen. Det var serleg i Øyer og på Lesja han sette spor, men også i Lom og Vågå. Om haugianismen i Øyer har Tor Ile skrive utførleg, interessant og perspektivrikt i Bygdebok for Øyer, bind 3. Hauge kom fyrste gong til Øyer i mars 1800, på veg heim til Tune frå Trondheim, der han hadde sete i arresten i jula. Han tok inn på Stav, skyss-stasjonen på Tretten. «Skjøss-skaffer'n sjøl dro på bygda, gjekk frå gard til gard så langt han rokk, og fortalde at «han Hans Nilsson» va komme og ville ha samling om kveld'n», skriv Ile. Det vart fullt hus, og møtet vara til bortimot 10 om kvelden. «Men med di eine møte tok Hauge-vekkjinga til i Øyer», konstaterer bygdebok-forfattere.

Andre gongen Hauge kom til Øyer, var hausten 1803, i skurdonna. Søstrene Sønnøv og Beret Romundgardsstugun hadde høyrte Hauge på Stav tre år tidlegare, og ville så gjerne møte han att. Men skurden kravde sitt, dei måtte gjere ferdig kvar sitt åkermål. Fyrst etter at møtet var godt i gang, kom dei to. Vi tek med Tor Ile si vakre skildring: «Gjennom salmesangen hørdst tydeleg over di andre ei mannsrøst, klår og sterk, men på såmmå tid varm og mild og inderleg – det va Hauge sjølv som song fyry, og salma var «Jesus din søde Foreining at smage». Folk vart djupt gripi, mangt eit auge va vått. Og utpå ganga, der døm stod, fekk både ho Sønnøv og ho Bewret, hårr for seg, gjort opp si hjertesak med Gud. Båe var tru livet ut og har så vakkert eit minne i bygden».

To dagar deretter var det tid for møte på Lånke. Folk strøymde til frå alle kantar. Ile fortel: «Snart kunne døm sjå at det va ein som gjekk med bunding, alle skjøna trast at det laut vera Hauge. «Da eg såg han gjekk og batt, den mann'n som hadde vore sett fast som ein gesell, da tok det meg slik at eg va inte god-for anna hell eg gret», sa han Torgjer Bjøynnbakka. - - Da Hauge fekk sjå alt folket, gjekk det så ljøs ein smil over andletet hass. Han batt fort tå stikken

og gjorde opp bundingen, og så gjekk han rundt og helsa – håndhelsa på alle, såg døm mildt og varmt inn i auga og hadde eit personleg ord åt hårr enkelt. Måten hass å helse på va nok til å gripe alle, somme sa døm vart vekte berre tå di».


I ei sermerkt kvinne, Marie Spangrud (f 1895) frå Vekkom, møtte eg som prest ein åndeleg etterlevning etter Haugerørsla i Øyer. Hennes siste leveår budde ho på Sundheim. Ho var det vi kallar ein «gamal-truande», som åndeleg sett levde i dei gamle salmane, og i Guds ord. Utan at eg kjenner hennar familie-historie, tenkjer eg at ho var barn eller barmnebarn av haugianarar. I alle fall var ho det i åndeleg forstand. Matias Skard, salmedik-taren og skulemann, var også eit barn av Hauge-rørsla i Øyer. Og nokre av misjonsfolket som enno finst i Øyer, har haugianske røter. Når alt kjem til alt, har kanskje dei fleste norske kvinner og menn haugianske aner.

Tor Ile si skildring av Hauge og haugerørsla er eit viktig historisk bidrag, og dertil stor litteratur, som godt kunne vore utgjeve som eiga bok. Han skildringar, som byggjer på samtidige augevitne-skildringar, har nok bidratt i manuset til dei to Hauge-filmene som er produsert. Vi ventar endå på den store Hauge-filmen, som i den rette filmskaparens hand kunne bli eit monumentalt og spennande verk om vårt lands nyare historie, på linje med Tidemanns monumentale nasjonal-måleri «Haugianere».

**Sørdorp kapell 26.oktober 2021: Odd Georg Murud, ein kar som i ein mannsalder har reist Noreg rundt med levande og engasjerande foredrag om litterære, historiske og samfunnsaktuelle emne, teiknar eit levande bilde av Hans Nielsen Hauge for ei lita, men interessert og engasjert forsamling. Ordet er fritt til slutt, og ein representant for Fron Historielag retter opp handa og erklærer med overtyding: «Hans Nielsen Hauge vert berre større og større!»**

250 år etter hans fødsel kan ein historieinteressert mann av folket gje bondesonen frå Tune i Østfold denne attesten, og vår heimelsmann tek ikkje feil. Hans Nielsen Hauge var stor allereide i si samtid, etter år med rettsleg forfylgjing og harde fengselsopphald, og om han seinare kom meir i bakgrunnen i det allmenne omdømme, har historikarane heile tida vore samde: ingen enkelt person har hatt så avgjerande innverknad på samfunnsutviklinga og demokrati-bygginga i Noreg som Hans Nielsen Hauge.

Han var verkeleg mannen som ved Guds nåde forandra Noreg.





# “Gamle” og nye konfirmantar

Kyrkja er og har vore ein møteplass i lokalmiljøa våre. Konfirmasjonstida er eit godt døme på slike møteplassar - og i haust har det vore rom både for nye bekjentskap og kjærkomne gjensyn!

I september var det konfirmantjubileum i Kvikne, og tradisjonen tru var det bunad, slips og kyrkjekaffi på bygdahuset.

## Mange inntrykk på allehelgen

Det er ikkje berre dei “gamle” konfirmantane det har vore program for i haust. Torsdagen før Allehelgenssøndag, samla kyrkja i Nord-Fron alle konfirmantane til gravferdsundervisning i kyrkjestugu og i Sødorp kyrkje.

- Dei fekk først servert god middag da dei kom bort rett etter skuletid. Etter middagen vart dei delt i tre grupper, der kvar gruppe var innoom tre «stasjonar». Dei fekk besøke bårehuset, der Kjellaug Bakken fortalte om gravferdsbyrået sitt arbeid. I kyrkja fortalte prest Terje Elvestad om gravferdsseremonien, og saman med organist Iren Falkenhaug sang konfirmantane salmer, fortel menighetspedagog Kathrine Ruset Sletten.

Den tredje stasjonen var på kyrkjegarden, der dei fekk møte kyrkjjetenar Jan Smikop og prest Gunnbjörg Olasdottir.

- Det vart ein fin ettermiddag, der konfirmantane fekk lære mykje, og satt att med mange inntrykk, avsluttar Sletten

*Sofie Vargeid og Grete Vargeid bidrog med underholdning under konfirmantjubileet.*



*Konfirmantjubileum i Kvikne hausten 2021.  
Frå venstre: Knut Hagelien, Rolf Jostein Ovrum, Inger (Kleiven) Langrusten, Per Rytviken og Simen Olstad.*



*Tradisjonen tru var det bunad, slips og kyrkjekaffi på bygdahuset.*



# Julehelsing frå Sødorp sokneråd

Vi har nok ein gong komme til desember, til Advent og ventetid. Desse stutte, litt mørke desemberdagane, der vi helst skulle fått gjort alt, frå A til Å. Og spesielt nå, som samfunnet har opna opp att, må vi skunde oss, å få gjort alt som vi ikkje fekk gjort i fjor...

Likevel har det vore eit år med mye aktivitet i kyrkja. Konfirmasjon vart gjennomført, etterlengta bryllup vart endeleg feira, barnedåp og gravferd, setermesser og andre gudstenester, vart halde på normalt vis. Og mange andre aktivitetar. Det har vore lagt ned eit stort og krevjande arbeid, for å få ting gjort. Det er så mange som har gitt ei hjelpende hand, og som skal ha ein stor takk for det dei bidreg med. Alle som er tilknytte kyrkjekontoret, frivillige og vikarar, og ikkje minst soknerådet.

Soknerådet står på, og gjer ein stor innsats: På fritida si, alt på dugnad! For ein positiv gjeng!

Lite visste vi i fjor, kva året skulle bringe, like lite veit vi i år, men eitt trur eg vi må innsjå, at vi må lære oss å leva med koronaviruset. Det ser ikkje ut til å sleppe taket med det fyrste. Men vi kan prise oss lykkelege som bor her. Vi har naturen, rett utafør døra. Vi kan gå ut, i all slags vær, utan å treffe eit einaste menneske. Vi kan legge handleturen, til tider på døgnet, der vi ikkje treffer andre enn dei som arbeider der.

På vegner av soknerådet, vil eg sende ei ekstra helsing til alle som, på ein eller anna måte, har opplevd endringar i livet sitt. Det kan vera sjukdom, sorg og tap over nokon som har gått bort, eller andre ting som gjer livet vanskeleg.

Kanskje er ei fin julegave i år, eit uventa besøk, ei telefonsamtale, ein gåtur i skogen...? Mitt ønske for julehøgtida, er at eg kan få dele «mitt juleevangelium» med alle som vil, nemleg Alf Prøysen si JULEKVELDSVISE. Den rommer det meste!

**Så ønsker vi alle ei God og Fredeleg Jul og eit Velsigna Nytt År.**

*For Sødorp sokneråd, Kirsten Dina Leine*



# Julehelsing frå Kvam sokneråd

Kvam sokneråd sender dei beste ønskje om ei retteleg god jul til alle i soknet. Ei særleg helsing til tenarane i kyrkjelyden, både tilsette og alle som har gjort ein frivillig innsats. Ein stor takk til Jens Petter Ous for alt han har gitt Kvam sokn dei åra han har vore her. Ynskjer han og Åse mange gode år saman som pensjonistar. Det er mykje godt å sjå attende på.

## Det lyser i stille grender

*Det lyser i stille grender  
av tindrande ljøs ikveld,  
og tusunde barnehender  
mot himmelen ljosi held.*

*Og glade med song dei helsar  
sin broder i himmelhall,  
som kom og vart heimsens frelsar  
som barn i ein vesal stall.*

*Han låg der med høy til pute,  
og gret på si ringe seng,  
men englane song der ute  
på Betlehems aude eng.*

*Der song dei for fyrste gongen  
ved natt over Davids by,  
den evige himmelsongen  
som alltid er ung og ny.*

**Kvam sokneråd helsar til dei som har mista nokon av sine kjære siste året.  
Og ynskjer alle ei velsigna julehøgtid, og eit riktig godt nytt år!**

*Kvam Sokneråd  
Egil Myhre*

# Julehelsing frå Kvikne sokneråd

Så har vi snart lagt bak oss nok eit år, eit år som har sett spor av pandemisk art. Spor som viser at vi er sårbare, men også at menneska er ein skapning som kan løyse utfordringar i fellesskap. Vi har, frå regjeringa si side, opplevd at alle samlingar har vore frårådd, deretter full opning, så nye avgrensingar att. Covid-19 har vore tema i nær samtlege nyheitssendingar i året som ligg bak. Utviklinga viser nok at det i året som kjem, også vil bli dominerande. I fjor håpa eg at kyrkja skulle bli klar til julegudstenestene i 2021. Så er ikkje tilfelle. Dette er eit omfattande og krevande arbeid, som tek tid. Arbeidet med å løfte vegg og tårn er nå i gang og dei første milli-og centimetrane er gjennomført.

Julebodskapen om fred på jord, er ikkje noko alle opplever. Ufred, fattigdom og medfølgande flyktnin- gestraumar, gjer at mange millionar lever under uverdige forhold. Særskilt går dette ut over kvinner og barn. La oss ikkje gløyme dei.

Soknerådet vil helse alle i soknet som har mista ein av sine i året som gjekk og til dei som slit med helsa på ymse vis. Soknerådet er også glade for alle som har gitt sine bidrag til kyrkja, delteke på samlingar i kyrkja sin regi og har omtanke for ho.

Takk for godt samarbeid til dei tilsette på kyrkjekontoret, prestar, kyrkjetenar, kyrkjevertar og tekstlesarar. De er heilt avgjerande for at vi kan driva kyrkja og arbeidet vidare. God jul og godt nytt år til alle i Kvikne sokn.

**God jul og godt nytt år til alle i Kvikne sokn.**

*For Kvikne sokneråd  
Kristian Ekre*



# Julehelsing frå Skåbu sokneråd

**Tro ikke mørket når solen går ned i skumrings fang.  
Alltid er det på jorden et sted soloppgang.»**

*( fra På jorden et sted, av André Bjerke )*

Vi har vært omgitt av så mange vonde, tunge, skremmende ord så lenge nå, så de legger vi fra oss!

Her kommer noen gode: Solen står opp hver dag, skogen og fjellene tar imot oss når vi trenger ro eller opplevelse. Samhold og omsorg for hverandre preger dagene, og nå står vi foran Lysets høytid i vintermørket.

Vi har håp! Vi har tro på bedre tider, vi vet at de fleste problemer har en ende.

Skåbu er et godt sted å leve, og bygda er befolket med gode, kreative mennesker. Takk til alle som bidrar med omsorg og positiv aktivitet! Men også her er det noen som strever, noen som sørger og savner, noen som er engstelige. La oss være gode og rause mot hverandre!

Skåbu sokneråd ønsker hver eneste innbygger en best mulig julehøytid! Vi ønsker alt godt for alle de kirkelige ansatte, nye som «gamle», vi sender dyp takknemlighet og gode ønsker til Jens Petter Ous, som valgte å gå inn i pensjonistenes rekke i år. Du blir savnet, Jens Petter! Samtidig er vi glade for å ta imot nye, flotte medarbeidere: Prest, kirkemusiker og diakon. Det lover godt for framtida! I en turbulent tid har vi også vært heldige som har hatt gode kirketjenere med lang erfaring. Og vi har hatt gode vikarer i mange stillinger. En ekstra takk til Bernt Fauske som nok har slitt orgelkrakken mer enn han egentlig hadde planlagt! Han og Ola Løkken har holdt tonene levende!

Kirken er viktig i samfunnet vårt, og kirkekontoret er viktig for kirken. Takk til Grete som har vært limet som har holdt alt sammen på plass i lang tid nå!

Og så våre egne frivillige: Kirkeguidene har gjort en flott innsats i en tid med mange ekstra forholdsregler, kirkevertene likeså, og også soknerådsmedlemmer som har fylt ulike oppgaver. Takk!

Nå håper vi at kirkene kan fylles i julen uten noen bekymring! Velkomne skal dere være!

Biskop Solveig avslutter sine daglige «Tanker inn mot natta» med ord vi låner og gjør til våre: Må Herren velsigne oss og bevare oss!

**God jul og Guds fred!**

*Skåbu sokneråd, Unni Bøyum Kluge*



# Rotter og detektivar i kyrkja



*Kyrkjerottene kom på besøk i kyrkja.*

Trusopplæring er kyrkja si satsing på barn og ungdom mellom 0-18 år. Arbeidet blir utført under fana «Størst av alt» som er Den Norske kyrkja sin trusopplæringsreform.

Ein del av opplegga kyrkja i Nord-Fron jobbar med er utforma av Den norske kyrkje og tilpassa av oss til lokale behov.

I haust har det vore både detektivar og rotter på besøk i kyrkja.

– I oktober var vi så heldige å få Kirkerottene på besøk i Kvam kyrkje. Over 40 ungar med foreldre kom på forestillinga, så det vart fullt hus og stormande jubel, fortel trusopplærar Kathrine Ruset Sletten.

Forestillinga slo som vanleg an hos tilskuarane, og «Rottebollene» gjekk ned på høgkant.

– Vi gler oss til å ta imot Kirkerottene med ny forestilling i 2022, seier trusopplæaren.



*Ungane bakte Bibelkake, som dei fann oppskrifta til på forskjellige stader i Bibelen.*



*Ein må sjølsagt ha rottebollar når kyrkjerottene kjem på besøk!*





*Fire ivrige 6.klassinger, tre frå Barhaug skule og ein frå Sødorp skule, deltok på haustens Kode B.*

### Kode B

Fire ivrige 6.klassinger, tre frå Barhaug skule og ein frå Sødorp skule, deltok på haustens Kode B.

- Kva er egentleg Kode B?
- Kode B er eit opplegg laga spesielt for denne aldersgruppa, der vi utforskar Bibelen, løyer koder og mysterier. Nytt av året var eit spel som heiter Bible Escape Room. Ved bruk av ein eigen app, fekk ungene bryne seg på vanskelege oppgåver for å komme seg vidare i bibelhistoriene, og til slutt komme i mål, fortel Ruset Sletten.

I tillegg til dette, bakte ungene Bibelkake, som dei fann oppskrifta til på forskjellige stader i Bibelen.

– Vi hadde to veldig koselige ettermiddagar saman. Vi skeia ut med pizza frå Pizzabakeren på den siste samlinga!

### Grautfest i kyrkjestugu

Søndag 12. desember er det grautfest i kyrkjestugu. Det er den tradisjonelle avslutninga på Laurdagsklubben – og som vanleg blir heile familien invitert til hyggeleg samver i kyrkjestugu med graut og raud saft!



*Dans og leik høyrer med!*



# Meir himmel på ei truga jord

Kyrkja skal kutte klimagassutslepp og utfordre til handling for å nå klimamåla. Det vedtok Kirkemøtet i november.

– Det skal ikkje herske tvil om at engasjement for eit truga skaparverk angår ei kyrkje som bekjenner Gud som skapar av universet og alt som lever, Jesus som frelsar av heile kosmos og Ånden som livgivar, sa kyrkjerådsleiar Kristin Gunleiksrud Raaum da ho opna Kirkemøtet i Trondheim i hovember.

På Kirkemøtets siste dag vedtok Den norske kirkes øvste valte organ saka «Mer himmel på en truet jord» om kyrkja sitt arbeid med klima, miljø og bærekraft.

Kyrkja skal bli klimanøytral innan 2030

I saka forpliktar Den norske kyrkja seg til å redusere eigne utslipp og miljøbelastning gjennom blant anna å kutte klimautslipp frå reiseverksemd med 60 % og gjere Den norske kyrkja klimanøytral, bae delar innan 2030.

Saken gir også føringar om at kyrkja skal utvikle den teologiske bevisstheia knytt til klima og miljø, og utfordre samfunnet til å ta nødvendige grep.

– Klimaendringar treng politiske og teknologiske løysingar, men djupast sett er det eit moralsk spørsmål. Det handlar om vårt forhold til Skaparen, skaparverket og vår neste, var kyrkjerådsleiar Kristin Gunleiksrud Raaum sin bodskap til Kirkemøtet.



Vår eigen biskop, Solveig Fiske, på talarstolen under Kirkemøtet i november. Foto: Kirken.

# Skiferhellene er festa

Egil Myhre i Kvam sokneråd kan fortelja til kyrkjebladet at nå er skiferhellene på Kvam kyrkje festa.

– Dette har vore etterspurt i lang tid og nå er det retta opp, fortel Myhre.



## Vi feirer Jens Petter!

Vi kan ikke la presten vår gå av i stillhet!

Det blir avskjedsfest for Jens Petter Ous på

**Kvam bygdahus fredag 4. februar kl. 18.30.**

Påmelding innen 20. januar til: [unni.boyum.kluge@gmail.com](mailto:unni.boyum.kluge@gmail.com), tlf.: 932 92 209

(Påmelding til taleliste, det samme som over).

**Velkommen!**

*Kvam, Skåbu, Kvikne og Sødorp sokneråd*





# Globale, diakonale og misjonale merkedagar i 2022

Finns inspirasjon og ressursar til gudsteneste, trusopplæring og lokale arrangement på [ressursbanken.no/merkedager](http://ressursbanken.no/merkedager) eller på nettsidene nedanfor.

Bruk gjerne [www.baerekraftsboka.no](http://www.baerekraftsboka.no) gjennom året.

Ressursane er verktøy som kan realisere visjonen om kyrkja som **tenande, misjonerande, vedkjennande** og **open**. Ta med ressursarket i planlegginga til kyrkjelyden, vel og gjer slik det passar lokalt!

Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, misjon gjennom «Misjonsavtalen til kyrkjelyden» og skaparverkets dag er særleg viktige og utbreidde.

## Openberringsstida (tida frå nyttår til faste)

Den offisielle misjonstida til Den norske kyrkja. Vekt på misjon gjennom tematisering i forkyning, gudsteneste, ulike arrangement og styrking av misjonsavtalen til kyrkjelyden. Misjonsperspektiv / global kyrkje og oppdrag kan òg knytast til Kristi himmelfartsdag og pinse.

[www.kirken.no/smm](http://www.kirken.no/smm)

**Berekraftsmål:** 1, 4, 5, 7, 8, 11, 12, 13, 15, 16 og 17.

## Økumenisk bønemateriell

Bøner for og frå land og kyrkjer i heile verda, nye kvar veke. Bøneveka for kristen eining blir vanlegvis markert den tredje veka i januar.

[www.ressursbanken.no/merkedager](http://www.ressursbanken.no/merkedager)

## Samefolkets dag

6. februar. Ressursar finn de her: [www.kirken.no/samisk](http://www.kirken.no/samisk)

## Fastetida

Kirkens Nødhjelp legg til rette for ein faste der diakonien kjem tydeleg til uttrykk i kyrkjelydane. Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp blir primært markert frå søndag til tysdag før palmesøndag: [www.fasteaksjonen.no](http://www.fasteaksjonen.no)

**Berekraftsmål:** 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 13, 16, 17.

## Skaparverkets dag

Datoen er valfri, men kan knytast til FN's miljødag 5. juni, hausttakkefest eller diakonidagen. [www.gronnkirke.no](http://www.gronnkirke.no)

**Berekraftsmål:** Særleg mål nr. 13, ein føresetnad for alle mål; også 7, 12, 14, 15, 16, 17, osv.

## Kyrkjeveka for fred i Israel og Palestina

Vanlegvis frå søndag til søndag i samband med FN's fredsdag 21. september. Global markering på initiativ frå Kyrkjenes verdsråd. [www.kirkeukaforfred.no](http://www.kirkeukaforfred.no)

**Berekraftsmål:** 16, 17, med verknad for alle andre

## TV-aksjonen

Oktober 2022, til inntekt for Leger uten grenser. Gudstenestemateriell kjem på:

[www.ressursbanken.no/merkedager](http://www.ressursbanken.no/merkedager)

**Berekraftsmål:** 3 med fleire.

## Søndag for dei forfølgde

Andre søndagen i november (13. nov.) eller når det passar. Kan kombinerast med Global veke. [www.stefanus.no](http://www.stefanus.no)

**Berekraftsmål:** 16 og 8, 10, 17.

## Global veke mot moderne slaveri

Vanlegvis den andre veka i november (13.–20. nov.) frå søndag til søndag. Nasjonal tverrkyrkjeleg markering på initiativ frå Norges Kristne Råd. [www.globaluke.no](http://www.globaluke.no)

**Berekraftsmål:** 8, 4, 5, 10, 16 og fleire andre.

## Rettsferdskonferansen

Blir arrangert annakvart år. I 2022 blir det 18. oktober. Tverrkyrkjeleg konferanse, del av nettverket The Justice Conference. . [www.rettferdskonferansen.no](http://www.rettferdskonferansen.no)

**Berekraftsmål:** Særleg mål 8, 10, 13, 16

## Adventstid og jul

Her finn de Kirkens Nødhjelps ressursar til kyrkjelydsblad og takkoffer julaftan:

[www.kirkensnodhjelp.no/om-oss/for-kirkene/advent-og-jul/](http://www.kirkensnodhjelp.no/om-oss/for-kirkene/advent-og-jul/)



DEN NORSKE KYRKJA



KIRKENS NØDHJELP  
actalliance



# La Grace få fylle fem år

**Akkurat no ligg Grace trygt i armene til mamma, berre ein dag gamal. Omfamna av morskjærleik og nærleik etter ein god og trygg fødsel. Diverre er tala dystre, mange barn i Afrika lever aldri til dei blir fem år.**

Av Anette Torjusen

Inst i kroken på fødeavdelinga høyrer vi små forsiktige grynt. Då vi kikar inn, ser vi at det er Grace som er i ferd med å vakne. Ho ligg trygt i famnen til mamma på ei av sengene i salen. Berre timar har gått sidan ho vart fødd.

– Eg kjenner meg så lykkeleg, Grace er det første barnet mitt, og det er så mykje større enn eg hadde førestilt meg. Eg håpar ho får ei trygg og god framtid, det er alt eg ønskjer meg, smilar mamma Anita Lamisoni (24).

## Høge dødstal

Grace er fødd i Malawi, på fødeavdelinga til helsesenteret Mbwatarika, som Kirkens Nødhjelp har bygd. Alt er godt og trygt for Grace no, men utanfor veggane ventar eit hardt liv og ein beinhard statistikk. Meir enn nitti prosent av barn som døyr før dei fyller 18 år, overlever ikkje femårsdagen sin.

Malawi er eit av dei fattigaste landa i verda, som står i mange kriser. Akutt vassmangel, tørke og flaum gjer at tilgangen til mat er kritisk. Så kritisk at Grace har femti prosent sjanse for at veksten hennar blir hemma før ho fyller fem år. I tillegg har pandemien også gjeve eit valdsamt oppsving i talet på barneekteskap og tenåringsgraviditetar. I nokre område har dette dobla seg.

Sjølv om tala for barnedødsfall har gått kraftig ned, er dei framleis dramatiske. I 2019 døyde det 14.000 barn i verda under fem år, kvar einaste dag. Og kvar du blir fødd har mykje å seie. Barnedødstala er ni gongar høgare i Afrika enn i Europa.

Ein god start på livet byrjar med ein trygg fødsel, difor har Kirkens Nødhjelp bygd fødeavdelingar fleire stadar i Malawi. Samstundes som vi syter for gode jordmødrer.

Då Grace vart fødd var det Hilal Wasil (27) som var jordfar på vakt. Han tok imot Grace og hjelpte Anita gjennom sin første fødsel. Og Anita kan ikkje få fullrost han.

– Eg kjende meg både trygg og teken hand om på beste måte, så no kan eg faktisk seie at eg hadde ein fin fødsel, sjølv om han var lang og vond.

Hilal, som også er ansvarleg for svangerskapskontrollane, kan ikkje få understreka nok kor viktig det er å kome seg til ei fødeavdeling. Han rykkjer også ut på motorsykel til mødrer som ikkje når fram i tide.

– Vi ser at mange går over tida, aborterer eller får massive blødingar etter fødsel. Difor er det så viktig at gravide og nybakte mødrer blir følgde tett opp.

Anita får berre ei natt på sjukehus før ho må reise heim, det er mange som skal fø og det er kamp om plassane. Totalt dekkjer fødestova 3000 hushald.

Vi skal snart feire jul, i takksemd og glede over Jesu



*Anita Lamisoni har akkurat fødd det første barnet sitt. Ho har fått namnet Grace, for ho er både ei gåve og ein nåde, fortel den stolte mora. Foto: Håvard Bjelland*

fødsel. Ein fødsel som mest sannsynleg var ei tøff erfaring for unge Maria. I ein stall, i ein framand by, langt borte frå familien. Hadde ho ein fødselshjelpar?

Jesus overlevde både fødselen og flukta den vesle familien måtte leggje ut på etter kvart. Vi går ut frå at spedbarnsdødstala var høge. Jesus overlevde spedbarnstida på trass av den urolege verda han vart fødd inn i.

2000 år etterpå veit vi at nyfødde under 28 dagar står for nesten halvparten av dødsfalla blant barn under fem år (tal frå 2019). Mange blir framleis fødte i krig, konflikt, vassmangel, svolt og fattigdom.

Oppdraget vårt er å redde liv og krevje rettferd for desse, slik vi gjer i Malawi. Vi kan vere med å gje nyfødde Grace og andre barn ei trygg framtid. Saman med deg og dei kan vi byggje fleire fødeavdelingar og syte for tilgang til mat, reint vatn, vaksinar og utdanning. Saman forandre. Slik at fleire får fylle fem år.

## SLIK GJEV DU DEN VIKTIGASTE JULEGÅVA I ÅR:

Vipps eit valfritt beløp til 2426.  
Send GAVE på sms til 2426 og gje kr. 250,-.  
Gåvekonto: 1594.22.87248




**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance

# Poetiske perspektiv

Av Kjartan Ruset

## Jan Sæterli frå Vinstra kjem denne hausten med ny diktsamling.

Kyrkjebladet har fylgt Jan Sæterli sitt forfatterskap gjennom fleire år. Det har vorte til saman ni utgjevingar sidan 1986: Fire diktbøker, ei barnebok, ein reisedokumentar, ein poetisk kortroman, ein roman og ein doku-roman. Denne hausten kjem «Gammelstua – og andre dikt», med nyskrivne dikt og ein del dikt samla frå dei tre føregåande diktbøkene.



«Gammelstua» er Jan Sæterli sin barndomsheim - eit bureisingsbruk i Malangen. I doku-romanen «Mor Inga» er for-mødrene og -fedrene og livet på småbruket skildra.

### Porten

Porten  
måtte jeg få  
visdom  
til å trå varsomt

ikke bryte opp  
den porten  
som er stengt  
for meg

den skal være låst  
for meg  
den porten  
til den blir åpnet  
innenfra

og måtte jeg få  
visdom  
til å gå inn  
gjennom  
den åpne porten  
med varsomme  
skritt

**Kloke ord, om å vise medmennesker respekt, og samstundes våge å vere nær. Jan Sæterli byr på mange tankevekkande vers i si siste bok.**

### Barndom og nåtid

Vi sett oss ned med Jan på Kyrkjekontoret ein dag i november.

- Skriv du dikt heile tida, Jan?

- Det går litt i rykk og napp. Eg får nokre tankar, og av og til kjem eg i mål ganske raskt. Andre gongar må tankane og orda arkiverast til seinare bruk. Det siste diktet eg skreiv, vart til etter at vi i sommar hadde vore saman på klassetreff i Tromsø, vi som gjekk lærarskulen der for femti år sidan. Vi sakna spesielt ei som hadde gått bort sidan førre treff. Eg mintest dei vakre tonane som kom frå hennar fiolin, og så vart det eit dikt til minne om henne - «For tidlig avskjed».

- I mykje av det du skriv krinsar du om din oppvekst nord i Malangen.

- Ja, ein vert ikkje fort ferdig med barndommen. Den tida forma oss til den vi vart. Men det er også viktig å sjå utover sitt eige, difor skriv eg også dikt som kommenterer tida vi lever i. Eg har fått reise ein del, spesielt i Afrika, og det har gjev nokre perspektiv som eg prøver å uttrykke i poetisk språk, seier Sæterli til kyrkjebladet.

### Djupare botn

Det er lett å kjenne seg att i Jan sine dikt, dei er på mange måtar kvardags-dikt, men ofte med djup botn.

- Reint fysisk eller grafisk prøver eg å få plass til diktet på ei bokside. Det øydelegg leserytmen når ein må bla om, synest eg.

Diktet «Porten» er karakteristisk for den form Jan utfaldar seg i, og for den nærleik til livet han har.



**SpareBank**  
GUDBRANDSDAL  
Tlf. 612 18 000 - Web adr: www.s1g.no



**Vekstra**  
Regnskap Gudbrandsdalen

Avd: Vinstra, Nedreg. 63, 2640 Vinstra  
Avd: Fåvang, Stasjonsv. 1, 2634 Fåvang  
Tlf 61 29 52 70

**TEIGEN – TANGEN**  
byggfirma

Mob. 95 94 87 11 og 95 25 87 30

**Vinstra;libris**

Peer Gynt Kjøpesenter | 2640 Vinstra  
Tlf: 61 29 04 09 | vinstra@libris.no  
www.libris.no/vinstra

**Dale-Gudbrands Trykkeri a.s**  
2635 Tretten, tlf. 61 27 73 50.

www.dg-trykk.no



**HÅREK**  
FRISØRSALONG  
-KVAM-



Vinstra.  
Tlf 61 29 04 01

**TOYOTA**

**DOKKEN BIL AS**

Tlf. 61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra  
http://vinstra.toyota.no - E-mail: post.vinstra@toyota

**Hageland**  
Bjørke



Tlf 915 750 74  
Vi hjelper deg med blomster til  
begravelse og andre anledninger.

**OM Bakken Bygg AS**  
ENTREPRENØR - HUS OG HYTTER

Lomoen - Vinstra  
Tlf. 61 21 60 00  
Fax 61 21 60 01

*Bakken*  
Begravelsesbyrå Tlf. 47 68 22 27

**Lore Søndenfjor**  
Landbruksentreprenør Tlf 901 97 409

**SENTRUMS**  
**HJØRNET**

Elvevegen 4 - Kvam. 906 39 181

**JOBE**  
GRAVSTEINSERVICE AS

- Innskriftsjoner
- Oppussing
- Omsliping

Arbeidet utføres på kirkegården.  
Raskt tilbake.

Mobil: 412 56 304  
Epost: post@jobegravsteinservice.no

**BE Sanden Bygg AS**

Tlf. 905 94 187 Bjørn Einar

**Vinstra Begravelsesbyrå**

*Liv Veikleengen*

Liv: 958 99 899 - Lise: 995 82 943

Døgnvakt – Gravmonumenter  
Etablert 1979

**abaris**  
APPS FOR BUSINESS

**RUSTUGUSETRA**

Parkering - Butikk - Transport - Hytteservice

Tlf. 61 29 49 46 - Mob. 909 98 173  
2642 Kvam

**Peer Gynt Seterveg**

Peer Gynt Seterveg starter på vinstra og ca. 45 km. Den møter Kvam  
Sterveg på grensa Sødorp/Kvam. Ta turen over fjellet, en fantastisk tur!  
Se og les mer på: [www.peergyntseterveg.com](http://www.peergyntseterveg.com)

**REMA**  
**1000**

Lomoveien 1, 2640 Vinstra  
Tlf. 61 29 50 00



Kvam  
Tlf 61 29 44 30

**KIWI** mini pris

KIWI KVAM  
TLF. 612 16 850

## Fron Gravstellservice AS

v/ Beathe Malerbakken. Mobil: 992 72 372. E-post: b.malerbakken@gmail.com

Vi tek oss av stell av graver med planting vår, sommar og haust samt vatning. Vi kan også ordne med pynting til påske og jul.



Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.



## SLANGEN SETER

Anita Stebergløkken, tlf 90 95 88 38. Slangsliv. 290, 2634 Skåbu  
E-post: post@slangen-seter.no - www.slangen-seter.no



Minnesamvær, barkedåp, konfirmasjon, bryllup, jubileum.

Spisesal med plass til 45 pers. - stemningsfull peisestue - overnattingsmuligheter for totalt 60 pers. - gammel miljøskapende fjellstue i unike omgivelser - fjellgård.

Skåbu Servicesenter  
Hos Rødhette & Ulven

- Restaurant • Bar
- Catering • Cafe
- Kokken hjem/På hytta

61 29 55 86 - 975 62 208  
2643 Skåbu - [facebook](#)

Velkommen



MEMBER  
REGNSKAP  
NORGE

[post@skaaburegnskap.no](mailto:post@skaaburegnskap.no)

Tlf.: 413 83 898



Vinstra Begravelsesbyrå AS

Lise Veikleenget, 99 58 29 43

Nina S. Veikleenget, 94 83 25 40

Døgnvakt!

# STØTT KYRKJEBLADET!

Det kostar å drive "Kyrkjeblad for Nord-Fron".

Kontingenten er no kr. 150,- for 5 nummer (fyldig dobbeltnummer til jul).

Betales inn til kontonr.

**2095 49 59768**

Vi har to inntektskjelder:

- Den frivilljuge kontingenten
- Støtte-annonsene (Service-sida)

Ekstra gaver kjem og godt med. Kyrkjebladet er viktig for arbeidet i kyrkjelydane.

VIPPS NUMMER TIL SOKNERÅDA

**KVIKNE: 137266 • SØDORP: 135692 • KVAM: 113553 • SKÅBU: 115389**

**Takk for di støtte!**

*Helsing redaksjonen*

## Gudstenester i Nord-Fron 2021

	SØDORP	KVAM	KVIKNE	SKÅBU
4-s i advent <b>19.desember</b> Matt 1,18-21			11.00 Familiegudsten Vi pyntar juletreet JPO	
Julaftan <b>24.desember</b> Luk 2,1-20	På julaftan er det familiegudstenester i kyrkjene våre			
	12.00 Sundheim 14.00 Kapellet 16.00 Kyrkja	14.00		12.00 16.00
Juledagen <b>25.desember</b> Joh 1,1-14	11.00 Kyrkja Høgtidsmesse. Nattverd		11.00 Høgtidsmesse Nattverd.	
2.juledag <b>26.desember</b> Joh 1,1-14		11.00 Høgtidsmesse. Nattverd.		
Nyårsaftan <b>31.desember</b> Matt 11,25-30	18.00 Kyrkja Gudsteneste ved årsslutt			

## Gudstenester i Nord-Fron 2022

	SØDORP	KVAM	KVIKNE	SKÅBU
Kr.openberringsdag <b>2.januar</b> Joh 12,42-47		11.00 Høgmesse . Nattverd Gunnbjörg Oladottir		
2.s.i openb.tida <b>9.januar</b> Joh 1,29-34	11.00 Kapellet Høgmesse. Nattverd Terje Elvestad			
3.s.i openb.tida <b>16.januar</b> Joh 1,15-18		17.00 Eftasmesse Nattverd Gunnbjörg Oladottir		11.00 Høgmesse Nattverd Gunnbjörg Oladottir
4.s.i openb.tida <b>23.januar</b> Luk 13,10-17	17.00 Kyrkja Eftasmesse/Nattverd Gunnbjörg Oladottir		11.00 Bygdahuset Høgmesse Nattverd Gunnbjörg Oladottir	
Laurdag <b>29. januar</b>		Tårnagentsamling. Messe kl. 19.30 Terje Elvestad		
5.s.i openb.tida <b>30.januar</b> Joh 5,1-15				18.00 Vi syng jula ut Terje Elvestad
6.s.i openb.tida <b>6.februar</b> Mark 13.21-27	11.00 Kapellet. Høgmesse. Nattverd. Gunnbjörg Oladottir			
Laurdag <b>12. februar</b>				Tårngentsamling. Messe kl. 19.30 Terje Elvestad
Såmannssøndag <b>13.februar</b> Matt 13,24-30		11.00 Høgmesse. Nattverd Terje Elvestad		
Kr.forklåringsdag <b>20.februar</b> Luk 9,28-36	11.00 Kyrkja Høgmesse. Nattverd Gunnbjörg Oladottir		11.00 Utegudsteneste Terje Elvestad	
Fastelavenssøndag <b>27.februar</b> Luk 18,31-34	11.30 Sundheim Høgmesse. Nattverd Terje Elvestad			

